



ODDA KOMMUNE

Det Kongelige Kommunal- og regionaldepartement  
Postboks 8112 Dep  
Akersgt. 59  
0032 OSLO

Dykkar ref. Arkivsakid-doknr: 2006000440-6 Saksh: Aud Jorunn Rønning Arkivkode Dato:  
Journalpostid: 2006010382 Telefon: 53 65 40 75 K1-014 27.09.2006

**OK-sak nr. 75/06.**

**Kommunestyre- og Fylkestingsval 2007. Høring av forslag til endringer i vallova.**

Vedlagt følger vedtak.

Venleg helsing  
For Sekretariatet

Aud Jorunn Rønning  
sekretær I

Andre mottakarar:  
Kommunenes Postboks 7900 5020 BERGEN  
Sentralforbund Hordaland

Sekretariatet  
Telefaks: 53 65 40 71  
Opheimsgata 31  
5750 ODDA

Org.nr: 964 967 814  
Bankgiro: 3658.07.50022  
Innbetaling skatt: 7855.05.12288

Telefon: 53 65 40 00  
Telefaks: 53 65 40 51  
Epost: [epost@odda.kommune.no](mailto:epost@odda.kommune.no)

[www.odda.kommune.no](http://www.odda.kommune.no)



SAKSGANG			
Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksbeh.
Odda kommunestyre	13.09.2006	075/06	HJO

## Kommunestyre- og Fylkestingsval 2007. Høring av forslag til endringer i vallova.

### Vedlegg:

1. Kommunal og regionaldepartementet sitt høyringsskriv av 20. juni 2006

Framlagt: Vallova komplett

Saka skal sendast ut av: Sekretariatet

Særutskrift skal sendast til: Kommunal- og regionaldepartementet og KS- Hordaland

Rådmannen sitt framlegg til

### vedtak:

Kommunestyret i Odda sluttar seg til dei føreslegne lovendingane med følgjande unntak :

1. Skjeringsdatoen vert framleis 31. mai primært for at veljarane skal få valkorta før ferien, samt for å ha tid til å kunna retta opp feil.
2. Det bør ikkje innførast restriksjonar i media sin presentasjon av meiningsmålingar i dagane før valet – evt. med unntak av siste dag før valet .
3. Kommunestyret ser det ikkje som realistisk at valstyret i den einskilde kommune kan gå god for datateknisk utstyr som skal brukast ved valoppteljing / grunnlag for valoppgjer i kommunen sjølv om det etter lova sin bokstav er valstyret si plikt å sjå til tilfredsstillande kontrollrutinar. Kommunestyret i Odda ber om at det vert etablert **eit statleg godkjeningsregister for datateknisk utstyr** til valoppgjer ( Stortingsval, fylkesval, kommuneval) og at dette er operativt til kommunevalet 2007. Kommunestyret ber og om at departementet vurderer ei godkjeningsordning ( presertifisering) av leverandørar av datateknisk utstyr inkl. kapasitet og kompetanse for opplæring/ teknisk støtte til kommunane / fylka.

Rådmannen i Odda, 07.07.06

13.09.2006 Odda kommunestyre

### Behandling:

Repr. Nilsen ( DEM) fremmet dette forslaget om endring:

- siste ledd i pkt. 2 skal ut: med unntak for siste dag før valet.

**OK-075/06 Vedtak:**

Rådmannen sitt forslag :

Pkt. 1. Enstemmig vedtatt.

Pkt. 2 Vedtatt med 23 stemmer, da 3 stemte på forslaget fra Nilsen

Pkt. 3 Enstemmig vedtatt.

**Saka gjeld:**

Departementet har bestemt seg for å tilrå ein del større endringar i vallova. Forslaga gjeld særleg formverk og krav til arbeidsrutiner i for og etterkant av sjølve valet, og vedkjem såleis lite eller ikkje sjølve valtinget.

**Saksgangen :**

I Odda er det eige valstyre på 5 medlemmer då formannskapet ikkje tilfredsstillar kjønnskvoeringskravet for å kunna vera valstyre.

Saka vert likevel lagt direkte fram til kommunestyret forslaget og spørsmåla som vert reist frå departementet er av allmennpolitisk karakter og ikkje avgrensa til valtekniske spørsmål. I tillegg er medlemene i valstyret også medlemmer av kommunestyret.

**Forslag til endringar frå departementet.****1. Valkort til alle manntalsførte i kommunen.**

Dette er i samsvar med etablert praksis i Odda kommune.

Ved førre val vart *skjeringsdatoen* \* flytta frå 31. mars til 31. mai, noko som medførte at fleire kunne røysta i den kommunen dei budde i på valdagen.

\**Skjeringsdato er den dagen manntalet for valet vert sett opp i kommunane.*

Praktisk døme: *Dei som flytta til Odda i april og mai kunne no røysta i Odda på valdagen, mot at dei tidlegare måtte røysta i den kommunen dei flytta frå.*

Departementet føreslår no å flyta skjeringsdatoen til 30. juni og argumenterer for dette.

Det er særleg trykke- og distribusjonstekniske argument tekniske som vert lagt til grunn, og departementet meiner at det ikkje skulle vera særskilde vanskar med å senda ut valkorta kring 10. juli, då informasjonen til kandidatane / fritak av kandidatar er gjennomført tidlegare, og førehandsrøystinga ikkje tek til før 10. august .

Tiltaket er meint å vera eit bidrag til å frå redusert forkasta stemmer ( i praksis frå folk som har stemt utan å ha røysterett i den kommunen dei røystar i på valdagen - eller av folk som ikkje er norske statsborgarar. Meir om det siste seinare.)

**Valkortet eit viktig kontaktpunkt.**

Valkortet er det næraste ein kjem ei personleg melding til innbyggjarane frå kommunen ved valstyret om kva krins veljaren høyrer til i, kor røystelokalet er og når det er ope på valdagen. I tillegg info om førehandsrøysting i kommunen.

På førehandsrøystinga har dei fleste fått med deg at valkort vert brukt, og mange trur framleis at dei må ha med valkort for å få førehandsrøysta.

**I høve til informasjon og valmobilisering vert valkortet sett på som det viktigaste einskildtiltaket.** Derfor er det viktig at det kjem **å rett tidspunkt** .

Med departementet sitt forslag vil valkortet koma i postkassane til folk midt i juli som ein del " ferieposthaugen". Det er i utgangspunktet ei lite gunstig ordning.

I tillegg vil det – dersom det oppstår feil -vera lita tid å retta opp desse med ny informasjon/ evt. usending av valkort på nytt.

Departementet ivrar for at talet på forkasta røyster må ned – og ser utsetting av skjeringsdatoen som eit middel til dette, då dei som har flytta til kommunen i juni kan røyste på valdagen i den kommune dei har flytta til. Dei må alternativt førehandsrøysta ( frå 10 august ) eller røysta i den kommunen dei flytta frå på valdagen.

Problemet med argumentasjonen frå departementet er at ein ikkje har klart å isolera dei forkasta stemmene som kjem frå veljarar utan røysterett. Ved Stortingsval er denne avgrensa til norske statsborgarar. Ved kommunevalet har dei fleste som bur i landet og som ikkje er norske statsborgarar røysterett. Mange av dei røysta og ved Stortingsvalet i god tru, røysta vart motteken, men vart sjølvstakt forkasta.

Eg vil tru ( m.a. med grunnlag i røynslene frå valet i Odda i 2005 ) at dei langt fleste av dei forkasta stemmene ikkje kom frå folk som flytta til kommunen i juni det året, men av veljarar som ikkje er norske statsborgarar, men som røysta i god tru og hamna i bunken med forkasta stemmer.

**Å flytta skjeringsdatoen 30. juni med utsending av valkorta i fellesferien - medfører større tap av kvalitet på dialogen mellom valstyret ( kommunen) og veljarane med tanke på mobilisering til å delta i valet enn det fører til tap av røyster ved at dei som flytter til kommunen i juni røystar "feil" ved valet ved å røysta i bustadkommunen på valdagen.**

I tillegg vil det vera kort tid å retta opp eventuelle feil på valkortet.

## **2. Slutt på førehandsrøystinga torsdag mot no fredag**

Tiltak som er kome grunna postverket sin manglande landsdekkingsgaranti / måten postverket er organisert på. Merknad ; Forslaget lettar dei administrative rutinane ved at kommunen ikkje treng/ ikkje har same trongen for ha folk på arbeid på laurdag.

3. Ingen merknad. I Odda har fristen "alltid" vore sett til onsdag kl 12.00 "

4. Sikringsbestemmelse for å få med alle førehandsrøyster ( ved sist val fekk vi inn 2 røyster på onsdag etter valet – som då ikkje kom med i valoppgjeret)

Leietråd: Det er viktigare med eit korrekt resultat enn eit hurtig resultat.

Særleg gjeld dette ved kommuneval der få røyster kan føra til store utslag – både på personsamansetting av kommunestyret ( medlem / varamedlem) og for eit "regimeskifte"

5. Det er vanleg praksis at veljar som er ukjent for røystemottakaren må legitimera seg.

**Valkort er ingen legitimasjon.** I Noreg er det ikkje krav om at folk skal gå med legitimasjon. Setning 2: *Annan person over 18 år som legitimerer seg* ( eller som er kjent for røystemottakaren) kan stadfesta identiteten til veljaren, er difor ei logisk slutning for å sikra at det er rett person som røystar. Heile valsystemet bygger opp under at det skal vera sikkert at det er rett person som røystar, og store ressursar vert sett inn på å kontrollera nettopp det.

I slike tilfelle **skal** røystemottakarar og notera kven det er som er garantist for veljaren som er ukjent og som manglar legitimasjon.

6. Foreløpig oppteljing skal vera manuell.

Opplysing: I samsvar med etablert praksis. Førebels oppteljing ved å sortera på parti – retta og uretta

Departementet skriv:

" *Foreløpig opptelling kan likevel foregå ved edb-teknisk system dersom det benyttes et annet system enn ved den endelige opptellingen*"

Oppmoding:

Det er ikkje realistisk at valstyret i den einssilde kommune kan gå god for datateknisk utstyr som skal brukast ved valoppteljing / grunnlag for valoppgjere i kommunen sjølv om det etter lova sin bokstav er valstyret si plikt å sjå til tilfredsstillande utstyr og kontrollrutiner.

Skal edb-tekniske system bli sentrale, viktige og pålitande hjelpemiddel i norske valoppgjere – som også nyt alminneleg tillit hos veljarane - må det etablerast **eit statleg godkjenningsregister for datateknisk utstyr** til valoppgjere ( Stortingsval, fylkesval, kommuneval). Dette registeret – ev. og med "typegodkjenning" (presertifisering) av firma på ( leverandørgarantiar inkl. tilfredsstillande opplæringskapasitet og kapasitet for teknisk støtte) og at dette er operativt til kommunevalet 2007, seinast til valet i 2009

**Det vert sett på som urealistisk at kommunane skal ha manuelt tellekorps på kvelden valdatoen, samt 2 separate edb – system.( om krav til manuell teljing – sjå og pkt 7)**

7. Krav om manuell kontrollteljing ved avvik mellom førebels og endeleg oppteljing.

Merknad: Denne teljinga kan gå tysdag på dagtid om fristen for innsending av førehandsrøyster vert tysdag etter valet kl 20.00

8. Opning for at førehandsrøyster kan teljast på søndag før valdagen.  
Ingen merknad ut over at i praksis vil desse røystene i Odda bli talt opp på måndag  
føremiddag

**Høringstema 1: Svar : NEI, og ja til 31. mai**

**Tema 2: Relativ lite viktig sak for staten å bry seg med gjennom lovverket. Svar : Nei**

Meiningsmålingar og publiseringa av slike er ein del av det pulserande livet kring eit val og såleis ei del av demokratiet sine rettar og plikter. Dersom staten skal bry seg på dette feltet må det i tilfelle vera å sikra at kvaliteten på målingane er god, slik at useriøse produkt ikkje vert ført til torgs som god vare i ein oppheta situasjon.

Departementet si utgreiing i høyringsdokumentet opplyser elles at grundigare studiar viser at det er liten / ingen effekt / korrelasjon mellom publiserte målingar rett før eit val og dei resultat som valet kjem ut med.

Institutt for media og kommunikasjon ( UiO) har greidd ut spørsmålet for departementet. Rapporten: Konklusjonen er at det **ikkje** kan påvisast nokre klare samanhengar mellom oppslutninga til partia på meiningsmålingar og oppslutninga dei får ved sjølve valet. Elles er dette godt utdjupa på side 17 i vedlegget.